

Nasjonalt dokumentasjonssenter for personar med nedsett funksjonsevne

Årsmelding 2006

Styrets forord

Nasjonalt dokumentasjonssenter for personar med nedsett funksjonsevne (Dokumentasjonssenteret) skal auke kunnskapsgrunnlaget om situasjonen og samfunnsutviklinga for personar med nedsett funksjonsevne. Senteret skal samanstille den kunnskap som finst, initiere utvikling av ny kunnskap og identifisere og måle effekten av ulike verkemiddel. Senteret skal også vurdere utviklinga i Noreg i forhold til land det er naturleg å samanlikne seg med, og gi ei vurdering av utviklinga i forhold til FNs standardreglar for like muligheter for menneske med nedsett funksjonsevne.

Ved kgl. resolusjon av 10. desember 2004 vart vedtektene for senteret fastsett, og saman med det årlege tildelingsbrevet frå Arbeids- og inkluderingsdepartementet er dette dei retningslinene verksemda ved senteret skal byggjast på og drivast ut frå.

Etablering, faglig og administrativ organisering, prosjektarbeid, planarbeid og økonomistyring har vore sentrale innsatsområde i Dokumentasjonssenteret sitt første ordinære driftsår.

Styret kom i arbeid og direktøren vart tilsett i 2005, og lokala ved NOVA sto klare frå årsskiftet 2005/2006. Full bemanning, 6 personar i 5½ stilling, var på plass frå månadsskiftet januar/februar 2006.

Den offisielle opninga som markerte at senteret var oppretta og operativt, vart arrangert 6. april 2006. På arrangementet deltok ca 80 personar, som representerte styresmaktene, funksjonshemma sine interesseorganisasjonar, forskingsmiljø og media. I samband med markeringa bestilte og lanserte Dokumentasjonssenteret ei større MMI-

undersøking om haldningar til arbeidssøkjjarar med ulike funksjonsnedsettingar. Sjølve undersøkinga og Dokumentasjonssenteret fekk mykje mediemerksemd om problemstillinga funksjonshemma sin situasjon på arbeidsmarknaden. I samband med den offisielle opninga vart også senterets nettstad www.dok.no offisielt opna. Nettstaden har ambisjon om å vere ein nasjonal portal for kunnskap om samfunnssituasjonen for funksjonshemma. Nettstaden har ein redaksjonell profil med blanding av fagartiklar og aktualitetssaker der forskings- og kunnskapsformidling står sentralt.

Analyse, forståing og operasjonalisering av senteret sitt mandat og vedtekter har vore ei prioritert oppgåve. Mandatet er omfattande. Det har derfor vore naudsynt å konkretisere og definere aktuelle innsatsområde, oppgåver og rapporteringskrav ut frå økonomiske tilhøve og bemanninga ved senteret. Styret er nøgd med måten dei tilsette har tilnærma seg og løyst denne oppgåva.

Styret for Dokumentasjonssenteret godkjende medio 2006 Strategisk plan 2006-2007 for senteret. Ut frå grunnlaget i Strategisk plan vedtok styret at arbeidsoppgåvene ved senteret resten av året skulle forankrast i plandokumentet Mål og resultatkrav 2006.

Denne årsmeldinga til Arbeids- og inkluderingsdepartementet gir ei oversikt over planstrukturen ved senteret slik den vart utforma i 2006, og rapporterer kor langt Dokumentasjonssenteret har kome i prosess og oppgåveløysing etter dei eksterne og interne styringsdokumenta.

Fordi Dokumentasjonssenteret skal utarbeide ein årleg statusrapport, står denne årsmeldinga i ei litt anna stilling enn mange andre årsmeldingar. Den årlege statusrapporten har heimel i mandatet for senteret, og skal beskrive situasjonen og samfunnsutviklinga for personar med nedsett funksjonsevne. Det er hovudsakleg i statusrapporten at det vil bli gjort synleg korleis senteret arbeider med dei ulike faglege oppgåvene som har relasjon til samfunn og samfunnsutvikling. Statusrapporten og årsmeldinga vil måtte ha mange kryssande spor, og må på fleire område sjåast i samheng. Den første ordinære statusrapporten vil bli publisert i september/oktober 2007.

Eit prosjekt som styret spesielt vil peike på, er samarbeidsprosjektet med Sosial- og helsedirektoratet «Manneråk fem år etter», som vart presentert i rapporten «Full deltakelse for alle? Utviklingstrekk 2001-2006» Styret er tilfreds med at Dokumentasjonssenteret klarte å delta i, og å gjennomføre, eit så omfattande prosjekt.

Styret takkar direktøren og dei andre tilsette for stor innsats og godt arbeid i Dokumentasjonssenterets første ordinære driftsår.

20. mars 2007

Anne Margrethe Brandt
Styreleiar

Innhald

Styrets forord	1
Organisasjonskart 2006	5
Styret 2006	6
Arbeidet i styret 2006	7
Sekretariatet 2006	7
Visjon og målformulering	8
Strategisk plan 2006-2007	9
Resultatkrav	9
Samfunnssituasjon og funksjonshemmande barrierar	10
Bakgrunnen	11
Konsolidering av fagmiljøet ved	
Dokumentasjonssenteret	11
Identifisering av miljø som samlar inn data	12
Innhenting av synspunkt, informasjon og	
dokumentasjon frå funksjonshemma sine	
organisasjonar	12
Oversikt over forskingsmiljø og forskingsfelt	14
Oversikt over offentlege register som kan gi	
informasjon om graden av tilgjenge og endringar	
i den	14
Systematiske registreringar av	
«kunnskapsleveransar»	15
Initiering av FoU-prosjekt og anna fagutvikling	16
Oppfølging av utviklinga i andre land	16
Kunnskap om verkemiddel og effektmåling	17
Auka kunnskap om verkemiddel og effektmåling	17
FNs standardreglar for like moglegheiter for	
personar med nedsett funksjonsevne og	
FN-konvensjonen om menneskerettar for	
funksjonshemma	18
Kunnskapsformidling	20
Nettstaden www.dok.no	21
Brosjyrar	21
Årlege statusrapportar og andre publikasjonar	22
Nyheitsbrev	22
Anna formidlingsverksemd	22
Nettverksbygging	23
Oppfølging av utviklinga i Noreg samanlikna med	
andre land	24
Interne og administrative forhold	25
Språkbruk i forvaltninga	25
Tildelingsbrevet punkt 4.4 Likestilling	26
Tildelingsbrevet punkt 4.13: Integrering og	
inkludering av innvandrarak deira etterkommarar	26
Grøn stat	26
Økonomirapportering	28

Organisasjonskart 2006

AID

Styret

Direktør

Web-
Redaktør

Prosjekt-
medarbeidar

Senior-
rådgivar

Senior-
rådgivar

Senior-
rådgivar

Styret

Styrerepresentanter

Anne-Margrethe Brandt
styreleiar

Maja Arnestad
Rådgjevar, Arnestad assistanse/
prosjektleiar IT Funk
(Norges forskningsråd)

Anne Lieungh
Direktør, avdeling for Sosial
fylkesleddinkludering, SHdir

Johan Kristian Tønder
Fagdirektør, SSB

Jan Birger Medhaug
Direktør, Haugesund
Sanitetsforenings
Revmatismesykehus

Hege Winje
FFO

Torild Jakobsen
Direktør, SKUR/ Statens råd
for funksjonshemma

Magnus Rindal
Direktør, NOVA

Tove Eikrem Mork
Representant for tilsette ved
Dokumentasjonssenteret

Vararepresentanter

Helge Folkestad
Førsteamanuensis HiB

Kari Eika
Postdoktor,
økonomisk institutt, UiO

Yngvar Åsholt
NAV, direktør

Liv Øvstedal
Forskar, SINTEF

Margrethe Hagerupsen
Rådmann,
Lenvik kommune

Helene Holand
SAFO

Rune Stureson
Jurist, Statens råd
for funksjonshemma

Elsbet Vestvatn
Administrasjonssjef,
NOVA

Eli Knøsen
Representant for
tilsette ved Doku-

Arbeidet i styret 2006

Styret hadde 6 møte og eit arbeidsgruppemøte i 2006. Alle møta vart haldne i Munthes gate 29, der Dokumentasjonssenteret leiger lokale av NOVA.

Totalt behandla styret 59 saker. Av større saker var

- * Økonomisaker - rekneskap og budsjett
- * Utarbeiding og vedtak av Strategisk plan 2006-2007,
- * Dokumentasjonssenteret si forvaltningsmessige tilknytning
- * Kapittel- og postplassering i statsbudsjettet
- * Planar og rapportar
- * FOU-aktivitetar og prioriteringar.

I tillegg behandla styret sin egen forretningsorden og instruks for direktøren, Dokumentasjonssenterets nettstad og database, ulike krav om rapportering frå Riksrevisjonen og informasjons- og orienterings-saker frå drifta av senteret gjennom heile året.

Styret sto som arrangør av den offisielle opninga av Dokumentasjonssenteret 6. april 2006, og arbeidsgruppemøtet vart halde i samband med denne.

Sekreteriatet 2006

Britta Nilsson, direktør
Rudolph Brynn, seniorrådgivar
Tove Eikrem Mork, seniorrådgivar
Per Halvorsen, nettredaktør
Eli Knøsen, seniorrådgivar
Hilde Tørhaug, prosjektmedarbeider

Visjon og målformulering

Dokumentasjonssenteret skal bidra som premissleverandør for at samfunnet skal bevege seg i retning av målet om full deltaking og likestilling for menneske med nedsett funksjonsevne. Gjennom kartlegging, systematisering, analyse, sammenstilling, formidling og -vidareutvikling av kunnskap skal senteret auke kunnskapsnivået innanfor - og på tvers av - ulike samfunnssektorar, forskingsmiljø og erfaringsbaserte miljø.

Gjennom initiering av ny forskning skal Dokumentasjonssenteret bidra til at prosessen kan gå så fort som mogleg.

Dokumentasjonssenterets visjon er derfor: Kunnskap viser veg!

Oppgåvene skal løysast gjennom innhenting, samanstilling og systematisering av tilgjengeleg kunnskap. Senteret skal peike på område der det manglar kunnskap eller der kunnskapen er mangelfull, og initiere datainnsamling på desse områda. Senteret skal også utvikle verktøy for betre kunnskapsinnhenting. Den kunnskapen senteret får, skal formidlart på ein tydelig og informativ måte i forskjellige format og medium.

Dokumentasjonssenteret har følgjande hovudmål i den strategiske perioden 2006-2007:

- Mål 1: a) Meir kunnskap om situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne
- b) Meir kunnskap om funksjonshemmande barrierar i samfunnet

Mål 2: Meir kunnskap om effekten av ulike verkemiddel

Mål 3: Betre formidling og utveksling av både forskingsbasert og ikkje-forskingsbasert kunnskap

Strategisk plan 2006-2007

Strategisk plan byggjer på at kunnskap, innsikt, haldningar, endringsvilje og politiske tiltak er hovudverkemiddel for å nå den politiske målsettinga om full deltaking og likestilling for menneske med nedsett funksjonsevne.

Strategisk plan er utforma med målstrukturen for Dokumentasjonssenteret som grunnlag. Dei strategiske innsatsområda for heile planperioden skal vere:

Strategiske innsatsområde under Mål 1:

- * Identifisering av miljø som samlar inn data
- * Innsamling, systematisering og analyse av tilgjengelege data
- * Metodeutvikling
- * Oppfølging av utviklinga i Noreg samanlikna med andre land

Strategiske innsatsområde under Mål 2:

- * Identifisering av aktuelle verkemiddel
- * Utvikling av metodar for å måle effekt
- * Vurdering av utviklinga i forhold til FNs standardreglar for like mulegheiter for menneske med nedsett funksjonsevne

Strategiske innsatsområde under Mål 3:

- * Etablering av Dokumentasjonssenteret som ein base for kunnskapsformidling
- * Etablering av nettverk for utveksling av informasjon

Resultatkrav

Under kvart innsatsområde vart det formulert fleire resultatkrav for 2006 (til saman 23 resultatkrav). Styret

godkjende desse resultatkrava, som i praksis er ei operasjonalisering av vedtektene gjennom strategisk plan og innsatsområda i strategisk plan. Det dokumentet styret behandla, vart kalla Mål og resultatkrav 2006.

Sekretariatet detaljerte og utfylte desse resultatkrava i eit internt arbeidsdokument. Her vart det fastsett konkrete aktivitetar, og kvar oppgåve vart knytt til ein bestemt medarbeidar.

Samfunnssituasjon og funksjonshemmande barrierar

- Mål 1: a) Meir kunnskap om situasjonen for personar med nedsett funksjonsevne
b) Meir kunnskap om funksjonshemmande barrierar i samfunnet

Innsatsområde i Strategisk plan:

Identifisering av miljø som samlar inn data

- * Dokumentasjonssenteret skal utarbeide oversikter over relevante forskingsmiljø og deira forskingsfelt
- * Identifisere og utarbeide oversikt over andre miljø som genererer aktuell kunnskap, som for eksempel interesseorganisasjonar, tenesteytande instansar og andre relevante miljø.

Innsamling, systematisering og analyse av tilgjengelege data

- * Dokumentasjonssenteret skal utarbeide oversikt over avslutta, pågåande og planlagde prosjekt som aukar kunnskapen om situasjonen og samfunnsutviklinga for personar med nedsett funksjonsevne
- * Identifisere område der kunnskapsgrunnlaget er svakt, og initiere og følgje opp prosjekt på slike område
- * Samle inn data, analysere resultatata og følgje opp prosjektet «Manneråk fem år etter»
- * Sjø på framstilling og vinkling av saker som omhandlar funksjonshemma i media, og sjå på korleis spørsmål som gjeld funksjonshemma blir omhandla i offentlege

publikasjonar

Metodeutvikling

- * Dokumentasjonssenteret skal skaffe oversikt over, og ta i bruk, ulike metodar som er egna til å følgje samfunnsutviklinga. Der det manglar egna metodar, skal senteret søkje å utvikle metodar som dekkjer behovet.

Oppfølging av utviklinga i Noreg samanlikna med andre land

- * Dokumentasjonssenteret skal innhente kunnskap om metodar og resultat frå andre land, og sørge for at dette blir gjort kjent i Noreg
- * Bidra til at dokumentasjonsarbeid i Noreg blir gjort kjent i land og område som det er naturleg å samarbeide med
- * Følgje arbeidet med FNs konvensjon om menneskerettar for funksjonshemma

Bakgrunnen

Gjennom offentlege utgreiingar og andre viktige dokument dei siste åra, har det stadig kome tydelegare fram at kunnskap og dokumentasjon om levekår og andre tilhøve for personar med nedsett funksjonsevne i Noreg er for dårleg.

Dokumentasjonssenteret er oppretta nettopp for å bøte på denne kunnskapsmangelen, og senteret skal gjere dette gjennom å framskaffe meir og betre dokumentasjon. Hovudoppgåva for senteret er såleis å framskaffe og leggje til rette faktakunnskap om målgruppa.

Konsolidering av fagmiljøet ved Dokumentasjonssenteret

Ved rekrutteringa av fagstilingar ved senteret var det lagt stor vekt på at Dokumentasjonssenteret skal kunne belyse funksjonshemma sin situasjon frå fleire innfallsvinklar og på ulike måtar. Medarbeidarane har derfor ulik fagbakgrunn og ulik yrkeserfaring. Den grunnleggjande oppgåva er å byggje eit team av dette mangfaldet, og å arbeide seg fram til felles forståing av mandatet for senteret, av sentrale omgrep for arbeidet vidare og korleis oppgåvene skal

møtast.

I heile 2006 var til dømes desse omgrepa og problemstillingane stadig oppe til drøfting i fagmiljøet:

- * Omgrepa funksjonshemming/nedsett funksjonsevne/funksjonsnedsetting
- * Å ha ei funksjonshemming/vere funksjonshemma
- * Kva for barrierar gjer personar med nedsett funksjonsevne funksjonshemma?
- * Kva for verkemiddel er det som kan tenkjast å byggje ned barrierane (identifisering av verkemiddel)?
- * Korleis kan ein måle «storleiken» av ein barriere?
Indikatorar
- * Korleis kan ein knytte spesielle verkemiddel til (endring i) storleiken på ein barriere?

Identifisering av miljø som samlar inn data

Som nyetablert faginstans er det viktig å orientere seg om ulike informasjonskjelder det er muleg å ause kunnskap frå. Den arenaen Dokumentasjonssenteret skal arbeide på, er til ein viss grad prega av informasjon og «dokumentasjon» gjennom medieframstilling av enkeltpersonar, interessekamp gjennom organisasjonar og bastant argumentasjon frå fagutøvarar, tenesteytarar og administrasjon.

Dokumentasjonssenteret skal ikkje vere talerør for einskilde aktørar eller grupper. Men det vil vere ein heilt nødvendig del av senteret sitt arbeid å kjenne dei ulike miljøa, fange opp dagsorden og nye signal. Når det gjeld drøftinga av kva slags kunnskap det kan leggjast vekt på, står Dokumentasjonssenteret i spenningsfeltet mellom å vere eit statsorgan med stort krav til objektivitet, og å vere ein lyttepost som skal fange opp aktuelle problemstillingar rundt målgruppa og få desse fram i lyset som kunnskapstilfang.

Innhenting av synspunkt, informasjon og dokumentasjon frå funksjonshemma sine organisasjonar

Funksjonshemma sine interesseorganisasjonar har hatt ei sterk pådrivarrolle ved opprettinga av Dokumentasjonssenteret. Organisasjonane har peika på at det i desse miljøa er samla mykje informasjon om situasjonen for funksjonshemma. Organisasjonane er opptekne av at denne kunnskapen har ein form som ofte blir omtala som «taus». Taus kunnskap i samband med dette er gjerne erfaringsutveksling mellom personar med nedsett funksjonsevne, og ikkje-systematisert erfaringsformidling til tillitsvalde og tilsette i organisasjonane. Organisasjonane har ei forventning om at Dokumentasjonssenteret skal kunne hjelpe slik ikkje-systematisert kunnskap fram i lyset som grunnlag for vidare interessepolitisk arbeid.

Dokumentasjonssenteret sendte i mai 2006 ut brev til alle organisasjonane på Fordelingsnemnda si liste, samt til eit par andre organisasjonar som meldte si interesse. Organisasjonane vart oppfordra til å informere om dokumentasjonsmateriale dei eventuelt har. Samtidig vart dei invitert til å orientere om kva saker som står øvst på deira interessepolitiske agenda.

Initiativet mot organisasjonane tok sikte på å etablere ein formidlingskanal for erfaringar og anna dokumentasjonsmateriale som ikkje er forskingsbasert. Tanken er at ein slik kanal kan hjelpe til med å synleggjere dette materialet, og kanskje gjere det meir interessant for forskingsmiljøa. Gjennom den same kanalen håpte ein også å kunne danne seg eit inntrykk av kva slags saker dei ulike organisasjonane var mest opptekne av på det tidspunktet.

Men berre 17 organisasjonar (av ca 130) svarte. Gjennomgangen av svara viser at den - ofte «tause» - kunnskapen som finns i organisasjonane treng mykje interesse, stimulering og omarbeiding for å få ein form som gjer at den kan delast med andre og inngå som dokumentasjon om funksjonshemma sin situasjon.

Det er laga ei førebels samanfatning av svara frå organisasjonane, men tanken er å analysere svara nærare for å sjå om det er muleg å komme betre og tettare innpå dette

dokumentasjonsmaterialet i seinare spørjeundersøkingar. Analysen vil bli presentert i Statusrapport 2007. Som oppfølging av spørjeundersøkinga arrangerte Dokumentasjonssenteret eit seminar for organisasjonane 7.12.2006 med tittelen «Forsking om funksjonshemming». Deltakarar (ca 40) var representantar frå funksjonshemma sine organisasjonar og forskarar.

Hovudforelesar var Rannveig Traustadóttir; leiar i Nordic Network on Disability Research, med temaet Samarbeid og konflikhtar i forsking om funksjonshemming. Medarbeidarar ved Dokumentasjonssenteret, frå organisasjonane og forskingsmiljø i Noreg hadde innlegg, og det var ein plenumsdebatt om kva funksjonshemma og forskarar kan bruke kvarandre til.

Eit referat frå seminaret ligg på <http://www.dok.no/nordisk-moete-8-11-06.73540.no.html>

Oversikt over forskingsmiljø og forskingsfelt

Forsking og forskingsresultat vil utan tvil vere grunnsteinen i dokumentasjonsarbeid om samfunnsutviklinga for funksjonshemma. Mange ulike forskingsinstansar i inn- og utland arbeider med tema som er relevante for Dokumentasjonssenteret sitt arbeid. Utfordringa er å finne dei instansane og dei tema som er mest sentrale for senterets kunnskapsinnhenting.

Senteret har vald å starte systematisk registrering av slike miljø. Registreringa er knytt til den nyutvikla databasen ved senteret (sjå nedanfor). Denne oppgåva har i og for seg «vakse mellom hendene» på medarbeidarane i Dokumentasjonssenteret. Gjennom arbeidet med å utarbeide oversikta, kjem behovet for ei mest mulig utfyllande liste over relevante forskingsmiljø til syne. Samstundes ser ein at ei slik liste også vil kunne ha interesse for mange andre. På denne bakgrunnen er det bestemt at arbeidet med oversikta over forskingsmiljø skal halde fram til lista blir publisert i Statusrapport 2007. Lista skal også leggjast ut på Dokumentasjonssenteret si heimeside.

Oversikt over offentlege register som kan gi informasjon om graden av tilgjenge og endringar i den

Både vedtektene for senteret og departementet sitt tildelingsbrev har lagt stor vekt på at Dokumentasjonssenteret skal etablere samarbeid med relevante offentlege register. Formålet med dette skal vere å kunne hente inn og samanstille opplysningar frå slike register. Dokumentasjonssenteret har starta prosessen med å etablere kontakt med dei mest aktuelle registra.

Det har vore kontaktmøte med Statistisk Sentralbyrå (SSB) i samband med KOSTRA-rapportering. Dokumentasjonssenteret har også delteke i møter og nettverksbygging med Arbeids- og inkluderingsdepartementet og Miljøverndepartementet på fagmøte om indikatorar, analyse av data m.m.

I AID sitt tildelingsbrev for 2006 blir ansvar for å halde samordna oversikt over registrering og datainnsamling frå tiltak i «Handlingsplan for økt tilgjengelighet for personer med nedsatt funksjonsevne», lagt til Dokumentasjonssenteret. Oppgåva er knytt til opplysningar frå KOSTRA/SSB og Statsbygg sine register. Dokumentasjonssenteret skal sørge for uttrekk av opplysningane i registra, og på det grunnlag gi periodiske oversikter over graden av tilgjenge og endringar i den.

AID presiserer at aktuelle tiltak i handlingsplanen som vil vere aktuelle for Dokumentasjonssenterets uttrekk og periodiske oversiktar, både vil dreie seg om universell utforming som registreringskriterium i eksisterande system, og etablering av nye metodar for dokumentasjon av tilgjenge og universell utforming. Arbeidet med å utvikle dette verktøyet vil halde fram i 2007. Det vil også bli utvikla metodar for å kunne gi periodiske oversikter på området.

Systematiske registreringar av
«kunnskapsleveransar»

Det er utvikla eit verktøy for registrering ved hjelp av databaseprogrammet 4D (Fourth Dimension). Programmet har hovudtabellane «kunnskapsleverandørar» og

«kunnskapsleveransar». Medarbeidarane ved senteret har fått opplæring i bruk av basen, og det er utarbeidd rutinar for inn-registrering av kunnskapsleveransar.

Initiering av FoU-prosjekt og anna fagutvikling

I perioden 2005-2006 vart det teke initiativ til fleire FoU-prosjekt, og Dokumentasjonssenteret vart også invitert til å delta i prosjekt i regi av andre. Desse prosjekta var:

- * Manneråk fem år etter (i samarbeid med SHdir)
- * Levekårsprosjektet (NTNU)
- * «Den doble aldringa» (FOA, Ullevål universitetssjukehus)
- * Bustad- og tenestetilbod for utviklingshemma i kommunen (NIBR)
- * Analyse av levekårsdata (NOVA)
- * Grunnlagsinformasjon (NOVA)
- * Ung i Oslo (NOVA)
- * Barrierar i sosial- og helsetenesta (SINTEF Helse)
- * IKT-barrierar for synshemma (NBF)
- * Funksjonshemma og media
- * Euro Access (TØI)
- * Pilotprosjekt om FNs standardreglar

Oppfølging av utviklinga i andre land

Alt i det første driftsåret opna det seg mange høve til kontakt med relevante fagmiljø i utlandet. Dels skjedde dette ved at Dokumentasjonssenteret tok kontakt med enkelte miljø og spurte om å få komme på studiebesøk (EU-organa Europakommisjonen og Europaparlamentet, Noregs EU-delegasjon, samt EFTA-sekretariat i Brüssel og European Disability Forum EDF). Dette gjeld også Nordiska samarbetsorganet för handikapfrågor NSH, Center for likebehandling for handicappede i Danmark og Handisam i Sverige.

Kontakt med utanlandske fagmiljø har også blitt oppretta ved at medarbeidarar ved Dokumentasjonssenteret har fått forelesaroppdrag ved konferansar og liknande, og ved at medarbeidarar ved Dokumentasjonssenteret har delteke på

konferansar i utlandet. I eit tilfelle kom eit utanlandsk fagmiljø på besøk til Dokumentasjonssenteret (Irland - National Disability Authority).

Kunnskap om verkemiddel og effektmåling

Mål 2: Meir kunnskap om effekten av ulike verkemiddel

Innsatsområde i Strategisk plan 2006-2007:

Identifisering av aktuelle verkemiddel

- * Dokumentasjonssenteret skal utarbeide ein oversikt over aktuelle verkemiddel, kvifor og i kva samanhengar ulike verkemiddel har vore nytta, og gi ei vurdering av anteke effekt

Utvikling av metodar for å måle effekt

- * Dokumentasjonssenteret skal - eventuelt i samarbeid med forskingsmiljøa - vidareutvikle verktøy som er egna til å måle effekt av dei verkemidla som har vore nytta

Vurdering av utviklinga i forhold til «FNs standardregler for like muligheiter for menneske med nedsett funksjonsevne»

- * Dokumentasjonssenteret skal utarbeide eit system for å kunne vurdere i kor stor grad - og i tilfelle korleis - FN's standardregler blir lagt til grunn som premiss ved offentleg planlegging og gjennomføring av tiltak i Noreg

Auka kunnskap om verkemiddel og effektmåling

Skal ein kunne arbeide målretta med å byggje ned funksjonshemmande barrierar i samfunnet, må ein ha kunnskap om kva for verktøy eller verkemiddel som er mest egna til formålet. Dette veit ein ikkje så mykje om i dag.

Prosjektet «Manneråk fem år etter», som gikk i perioden 2005-2006, hadde mellom anna som formål å beskrive kva verkemiddel som har vore sett i verk dei siste fem åra på dei åtte delområda prosjektet dekte. Delrapportane gir omfattande og til dels detaljert oversikt over verkemiddelbruk på kvart enkelt område. Når prosjektet «Manneråk fem år etter» i 2007 blir supplert med eit tilsvarande delprosjekt på helse- og sosialområdet, har ein truleg synleggjort kva for verkemiddel ein politisk og administrativt reknar med er hensiktsmessige i dag på ulike område.

Men det kjem ikkje fram i særleg grad, verken i rapporten «Full deltakelse for alle? Utviklingstrekk 2001-2006» eller i andre rapportar kor stor innverknad dei enkelte verkemidla har for å bygge ned ulike barrierar. Det manglar altså kunnskap om korleis ein kan måle effekt av verkemidla. Dokumentasjonssenteret har fått i særskilt oppgåve å utvikle slike metodar. Dette nybrottsarbeidet må skje i nært samarbeid med ulike forskingsmiljø, og må utviklast over tid.

På to område prøver ein no ut slike effektmålingsreiskap. På slutten av året 2006 inngikk Dokumentasjonssenteret avtale med Transport-økonomisk institutt (TØI) om måling av effekten av lovheimla verkemiddel i regelverk innanfor offentleg kommunikasjon i Noreg. Den norske kartlegginga vil bli samanlikna med situasjonen i EU-landa som del av eit større EU-finansiert prosjekt.

Det vart også inngått ein samarbeidsavtale med Norges Blindforbund om kartlegging av effekten for blinde og svaksynte av automatiseringa i samfunnet.

I Statusrapport 2007 vil Dokumentasjonssenteret arbeide vidare med å vurdere effekten av verkemiddel som har vore sett inn.

FNs standardreglar for like moglegheiter for personar med nedsett funksjonsevne og FN-konvensjonen om menneskerettar for funksjonshemma Dokumentasjonssenteret har fått i særskilt oppdrag å

vurdere utviklinga med omsyn til «FNs standardreglar for like moglegheiter for personar med nedsett funksjonsevne». I samband med dette har det vore viktig å sjå på det arbeidet norske styresmakter har gjort før Dokumentasjonssenteret vart oppretta.

Dokumentasjonssenteret har gjort seg kjent med rapporten «FNs standardregler: Et samfunn for alle - men hvem har ansvaret for det?» frå 1997. Dette var ei undersøking gjort av Statens råd for funksjonshemma om departementa sitt arbeid for å gi FNs standardreglar gjennomslag i norsk politikk, og korleis ansvaret for reglane var fordelt mellom departementa. Rapporten konkluderte med at det var nødvendig med nye tiltak på tvers av departementsgrensene, og at desse må omfatte saksbehandlingsreglar, leiing av arbeidet, fleire funksjonshemma inn i forvaltninga, styrking av yrkesgruppene sin kompetanse om funksjonshemming og konsensussskapande tiltak. Sosial- og helsedirektoratet v/Deltasenteret har gitt ut FNs standardreglar i ny utgåve, og held kurs for departementa om innhald og bruk av Standardreglane.

Dokumentasjonssenteret arrangerte eit seminar 16.08.2006 med tidlegare spesialrapportør for FN, Bengt Lindqvist. Tema var FNs standardreglar og den stillinga reglane har i dag. Deltakarar på dette møtet var styreleiar og medarbeidarar ved Dokumentasjonssenteret, samt to deltakarar frå NOVA.

Vidare arbeid med forvaltninga si oppfølging av Standardreglane vil skje i 2007. I dette arbeidet vil den svenske «Agenda 22»-modellen bli nytta. Søkelyset vil bli retta mot problemstillinga: kor godt sikrar dei enkelte delane av forvaltninga at ansvaret for politikk overfor menneske med funksjonsnedsettingar på sine område blir teke på alvor?

Kunnskapsformidling

Mål 3: Betre formidling og utveksling av både forskingsbasert og ikkje-forskingsbasert kunnskap

Innsatsområde i Strategisk plan:

Etablering av Dokumentasjonssenteret som ein base for kunnskapsformidling

- * Dokumentasjonssenteret skal lansere nettstaden www.dok.no etter anerkjente kriterium for tilgjenge (WAI-kriteria)
- * Gi ut årlige statusrapportar frå og med 2007
- * Lage informasjonsmateriell
- * Skrive fagartiklar
- * Arrangere kurs, halde foredrag og forelesningar

Etablering av nettverk for utveksling av informasjon

- * Dokumentasjonssenteret skal initiere og delta i nettverk med forskingsmiljøa, funksjonshemma sine interesseorganisasjonar og andre miljø som dokumenterer status og utvikling
- * Samarbeide med andre instansar som dokumenterer situasjonen for marginaliserte grupper

Den kunnskapen Dokumentasjonssenteret samlar inn og samanstillar, skal formidlast til omverda på ein lett tilgjengeleg og effektiv måte. I 2006 vart det lagt ned eit stort arbeid med å planleggje og lage plattformer for slik informasjonsformidling. Ved utgangen av 2006 var det også laga «Informasjonsstrategi for Nasjonalt dokumentasjonssenter for personar med nedsett funksjonsevne», som byggjer på den statlege informasjonspolitikken, Strategisk plan 2006-2007 og

retningslinjer som departementet og styret har vedteke for senteret. Strategien er publisert på www.dok.no.

Nettstaden www.dok.no

Nettstaden vart lansert i samband med den offisielle opninga av senteret 06.04.2006 og har ambisjon om å være ein nasjonal portal for kunnskap om funksjonshemma sin samfunnssituasjon. Nettstaden har ein redaksjonell profil med blanding av fagartiklar og aktualitetssaker der forskings- og kunnskapsformidling står sentralt.

Det vart i 2006 publisert til saman 107 enkeltartiklar på indekssida, 16 av desse er artiklar av reint fagleg karakter. Resten har form av aktualitetssaker som innhaldsmessig speglar det mangfaldet av samfunnssektorar Dokumentasjonssentret skal overvake. Det vert lagt vekt på å variere mellom ulike formidlingsteknikkar.

Dokumentasjonssenteret legg ned eit stort arbeid for å oppnå god tilgjenge til nettstaden. Nettstaden er testa gjennom norge.no si årlege evaluering av offentlege nettstader i Noreg. Denne testen omfatta tilgjenge, brukartilpassing og innhald. Dok.no vart nominert til ein pris for tilgjenge, og oppnådde ein skåre på fem av seks stjerner. Skåren omfattar alle tre delområda. Nettstaden er testa både etter WAI-kriteria og etter endå strengare krav gjennom eit firma som prøver grensesnittet ut på personar med ulike funksjonsnedsettingar.

Dok.no har informasjon om senterets verksemd på samisk, engelsk, russisk og fransk under dei respektive flagga. Eit utval artiklar blir skreve på nynorsk, og enkelte blir oversett til engelsk og/eller fransk, og eit par til russisk.

Åtte artiklar er publisert i lettlestformat.

I perioden april-desember 2006 har www.dok.no hatt cirka 278 500 treff og 31 600 har besøkt nettstaden.

Brosjyrar

Sidan Dokumentasjonssenteret er nyopprettet, møter ein ofte spørsmål om kva senteret er og kva for oppgåver senteret har. Dokumentasjonssentret har derfor produsert profileringsbrosjyren «Kunnskap viser veg» på bokmål, nynorsk, engelsk, fransk og russisk, norsk Braille og engelsk Braille.

Det er også produsert ein engelskspråkleg poster som m.a. vart nytta under ein internasjonal konferanse i England i regi av Disability Studies Association 18. - 20 september 2006.

Årlege statusrapportar og andre publikasjonar

Dokumentasjonssenteret skal gi ut ein årleg statusrapport om situa-sjonen og samfunnsutviklinga for personar med nedsett funksjonsevne. Det er hovudsakleg i statusrapporten at det vil bli gjort synleg korleis senteret arbeider med dei ulike faglege oppgåvene som har relasjon til samfunn og samfunnsutvikling. Den første ordinære statusrapporten vil bli publisert i september/oktober 2007. I 2006 var Dokumentasjonssenteret partner saman med Sosial- og helsedirektoratet i prosjektet Manneråk fem år etter. Rapporten frå prosjektet, «Full deltakelse for alle? Utviklingstrekk 2001-2006», vart trykt i til saman 1 200 eksemplar. Rapporten vart også gitt ut i lydbokformat.

Dokumentasjonssenteret publiserte også heftet «Funksjonshemming, retorikk og forståelse» av forskar Lars Grue ved NOVA. Denne publikasjonen vart lagt fram i samband den offisielle opninga av senteret.

Nyheitsbrev

Artiklar som blir publisert på nettstaden, blir også sendt ut gjennom eit elektronisk nyheitsbrev ein gong i veka. Per 31.12.06 hadde nyheitsbrevet ca. 175 abonnentar. Dei fleste abonnentane er forskarar, tilsette i funksjonshemma sine interesseorganisasjonar, pasientorganisasjonar og tilsette i forvaltninga.

Anna formidlingsverksemd

Dokumentasjonssenteret arrangerte eit presseseminar i samband med den offisielle opninga. Det vart samstundes publisert resultat av ei intervjuundersøking utført av Synovate MMI/2006 om konsekvensane av å ha nedsett funksjonsevne ved tilsettingsprosessar i arbeidslivet.

Dokumentasjonssenteret var også medarrangør av eit presseseminar i samarbeid med Sosial- og helsedirektoratet i samband med lanseringa av rapporten «Full deltakelse for alle? Utviklingstrekk 2001-2006» 23.10.2006.

Nettverksbygging

Nettverksbygging har vore ein viktig del av verksemda ved Dokumentasjonssenteret i 2006. I så stor grad som praktisk mogleg har medarbeidarane delteke på aktuelle konferansar, seminar og faglege samlingar. Der det har vore ønska, har Dokumentasjonssenteret også hatt innlegg om arbeidet ved senteret og aktuelle faglege tema.

Det har vore halde fleire kontaktmøte og planlagt framtidige samarbeidsfora med blant andre Sosial- og helsedirektoratet v/fagavdelingane Deltasenteret og Avdeling for sosial inkludering, Statens råd for funksjonshemma og Likestillings- og diskrimineringsombodet. 8.11.2006 arrangerte Dokumentasjonssenteret eit møte med representantar frå Nordiska samarbeidsorganet för handikappfrågor (NSH) og Handisam, begge Sverige, Center for likebehandling av handikappede, Danmark, og Statens råd for funksjonshemma, Deltasenteret og Dokumentasjonssenteret, alle Noreg. Dokumentasjonsmiljø i Finland og Island var også invitert, men ingen aktuelle representantar kunne delta. Tema for dagen var gjensidig informasjonsutveksling og arbeid med indikatorar på ulike område. Totalt deltok ca 20 personar. Referat frå møtet og alle innlegg som vart haldne finn ein her:
<http://www.dok.no/nordisk-moete-8-11-06.73540.no.html>

Dokumentasjonssenteret deltek i nokre nettverk der både fagmiljø, styresmakter og funksjonshemma sine interesseorganisasjonar er med. Dette gjeld til dømes NSHs

forskningsportal, Norsk nettverk for forskning om funksjonshemming, Brukarforum for likeverdig opplæring (Utdanningsdirektoratet), Brukarforum for diskrimineringsgrunnlaget funksjonshemming (Likestillings- og diskrimineringsombodet), IT Funk brukarforum og Nasjonalt nettverk for universell utforming. Andre nettverk er EDF Working Committee on Universal Access, EIAO ROBACC referansegruppe og ANEC Design for All Working Group.

Oppfølging av utviklinga i Noreg samanlikna med andre land

Gjennom den kontakten som er etablert mellom dei nordiske landa, er det utvikla ein tanke om at dokumentasjonsmiljøa i Norden skal informere kvarandre om utviklinga i dei respektive landa. Det er planlagt 1-2 årlege møte for å ivareta dette.

Utviklinga i EU blir følgt nøye gjennom fleire nettverk og anna kontakt. Dokumentasjonssenterets medarbeidarar har vore på studiebesøk til fleire EU-organ, og held seg orientert om det som skjer på EU-området gjennom å abonnere på nyheitsbrev og følgje med på nettsider.

Det er også sporadisk kontakt med andre land. Særleg har det vore lagt vekt på å oppretthalde kontakt med eit par relevante fagmiljø i Arkhangelsk, Russland, for å kjenne til utviklinga i eit av Noregs naboland som er svært ulikt vårt eige land.

